



SOMMARBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE REGISTER



I dette nummeret:

- Resultata frå dei medisinske kvalitetsregistra tilgjengeleg allereie frå 15.juni
- Utlysing av nasjonale prosjektmidlar til kvalitetsforbetring og datakvalitet
- PROM-konferansen 2021
- Døme på pågåande kvalitetsforbetringsprosjekt i Helse Vest
- Forslag til forskrift om nasjonal løysing for tilgjengelegging av helsedata (Helseanalyseplattformen og Helsedataservice)
- Tildeling av regionale stimuleringsmidlar i Helse Vest

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no
Heimeside



Resultata frå dei medisinske kvalitetsregistra tilgjengeleg allereie frå 15.juni

I år har dei nasjonale kvalitetsregistra publisert årsrapportane sine for 2020 før sumaren og ikkje på

hausten slik det har vore i tidlegare år.

Sjå [Registeroversikt](#) | [Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Utlysing av nasjonale prosjektmidlar til kvalitetsforbetring med bruk av data frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra - søknadsfrist 1.september

Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre (Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering-SKDE) lyser ut nasjonale prosjektmidlar til kvalitetsforbetring med bruk av data frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra ([Registeroversikt](#) | [Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)) med søknadsfrist 1.september.

kvalitetsregistre som vil nytte data frå nasjonale kvalitetsregistre i pasientretta kvalitetsforbetringsarbeid om å søke om finansiering til gjennomføring av kvalitetsforbetringsprosjekt.

Les meir her: <https://www.kvalitetsregistre.no/utlysning-av-midler-til-kvalitetsforbedringsprosjekter-soknadsfrist-er-01092021>

Servicemiljøet oppfordrar avdelingar/fagmiljø ved føretaka og også nasjonale

PROM-konferansen 2021

Torsdag 10. juni arrangerte Fagsenter for pasientrapporterte data digital PROM-konferanse (PROM: pasientrapporterte utfallsmål) med meir enn 100 deltakarar.

Hovudtemaet var «framtidretta bruk av pasientrapporterte data i datafangst og analyse». Det var

eit innhaldsrikt program T.d. hadde professor Phillip Moons frå University of Leuven eit innlegg om bruk av PROM i forskning og Tore Solberg, leiar for Ryggkirurgiregisteret, hadde eit innlegg om korleis registerdata og bruk av PROMs bidra til endring av klinisk praksis.

Les meir her: <https://www.kvalitetsregistre.no/artikkel/prom-konferansen-10-juni-2021>



Døme på pågåande kvalitetsforbetningsprosjekt i Helse Vest

Sjølv om sjukhusa i Helse Vest har vore i beredskap i lang tid på grunn pandemien, har det føregått fleire spennande kvalitetsforbetningsprosjekt som hentar data frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra. Her er nokre dømer frå pågåande prosjekt i regionen:

- Nasjonal kvalitetsregister for langtids mekanisk ventilasjon (LTMV) fekk nasjonale prosjektmidlar frå SKDE i 2020 til å gjennomføre kvalitetsforbetningsprosjektet «Oppfølging innan 1 år med blodgass kontroll». Prosjektet skal sjå på innhenting og dokumentasjon av blodgass ved start og oppfølgingskontroll.

- Norsk MS-register og biobank har to pågåande prosjekt der det eine har som mål å betre monitorering av sjukdomsutviklinga ved MS, og det andre har som mål å redusere tid frå tilvising til spesialisert helsetenesta til oppstart av

behandling. I begge desse prosjekta er målet å bremse sjukdomsutviklinga gjennom betring av helsetenesta.

- Norsk intensivregister har sett i gong eit kvalitetsforbetningsprosjekt som hentar data frå Norsk intensivregister. Prosjektet fekk regional finansiering i 2020 og har som mål å redusere antall komplikasjonar ved intensivopphald.

Forslag til forskrift om nasjonal løysing for tilgjengeleggjering av helsedata (Helseanalyseplattformen og Helsedataservice)

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til forskrift om ei nasjonal løysing for tilgjengeleggjering av helsedata (Helseanalyseplattformen og Helsedataservice) på høyring. I høyringsnotatet vert det føreslått ei forskrift som skal regulere etablering, forvaltning og utvikling av ei nasjonal løysing for tilgjengeleggjering av helsedata til bruk i statistikk, helseanalyse, forskning, kvalitetsforbetring, planlegging, styring og beredskap. Formålet er å fremje helse, førebygge sjukdom og skade og gi betre helse- og omsorgsteneste.

Forskrifta skal bli fastsett med heimel i den nye helseregisterloven § 20 som regulerer etablering av ei nasjonal løysing med ein forvaltings-funksjon og ei teknisk løysing for tilgjengeleggjering av helse-opplysingar frå helseregistre til sekundærbruk. Avgjerdsla gir heimel til å etable-

re og fastsette forskrifter om Helsedataservice og Helseanalyseplattforma.

Forskrifta som vert føreslått fastsett overordna krav til løysinga, og angir dei viktigaste oppgåvene, overføring av myndigheit og plassering av ansvar og pliktar.

For meir informasjon om forslaget, les meir her: [Høring: Forslag til forskrift om løysing for tilgjengeleggjering av helsedata \(Helseanalyseplattformen og Helsedataservice\) - regjeringen.no](#). Høyringsfrist er 13/8-21

For dei som ynskjer å lese meir om:

Helsedataprogrammet: [Helsedataprogrammet - ehelse](#)

Helseanalyseplattformen: [Helseanalyseplattformen - ehelse](#)

Helsedataservice: [Helsedataservice - ehelse](#)

Tildeling av regionale stimuleringsmidlar

Helse Vest ved Fagsenter for medisinske registre lyse våren 2021 ut stimuleringsmidlar til bruk av data frå kvalitetsregistre i forbetring av helsetenesta og til etablering av lokale eller regionale kvalitetsregistre. Formålet med midlane er å stimulere til etablering av kvalitetsregistre innan fagområder det ikkje eksisterar kvalitetsregistre, samt å stimulere til at data frå eksisterande registre vert nytta i kvalitetsforbetningsarbeid, i arbeid med pasientsikkerheit og bruk av pasientrapporterte utfallsmål. Erfaring frå prosjekta skal spreia slik at det kan kome til nytte i andre føretak.

På fagdirektørmøtet 10. juni vart det vedteke at følgjande søkarar får tildelte midlar:

- Etablering av kvalitetsregister for psykisk helsevern for barn og unge (Helse Førde)
- Etablering av kvalitetsregister ved Stord DPS (Helse Fonna)
- Etablering av Solli DPS inntaksregister (Privat/ideelt)
- Etablering av Lipødemregisteret (Haraldsplass)
- bruk av data frå NorHSR og NORIC til kvalitetsforbedringsarbeid (Helse Stavanger).

Vi på Fagsenteret ynskjer alle våre lesarar ein riktig god sommarferie! :)

